ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar:<br>Vår: 20/159 - 22/36508 | Merethe Tvedt<br>merethe.tvedt@alver.kommune.no | 14.07.2022 |

# Detaljplan for Langeland B5 Gbnr 324/7 og 90 mfl. - Begrensa høyring

Forslag til detaljreguleringsplanen for Langeland B5 gbnr 324/7 og 90 mfl. var til høyring og offentleg ettersyn i perioden 29.03.2021 – 10.05.2021. Det er no gjort nokre justeringar og endring av reguleringsplanen.

Endringane blir vist i kartutsnitt og tekst nedanfor.
Sidan dykkar eigedom blir berørt av planforslaget, varslar vi med dette brevet desse endringane med uttalefrist til 25.8.2022, jf. Plan- og bygningslova § 12-10. Vidare saksgang etter høyringa er 2. gongshandsaming og endeleg vedtak i kommunestyret.

**1. Ny avkøyrsel SV6 til bustader utanfor planområdet i søraust.**
Det er gjort ein naudsynt endring som følgje av vedteken plan for Frekhaugkrysset inkl. utbetring av fv. 244 Sagstadvegen:
Søraust for planområdet ligg det i dag fem bustadhus som har direkte tilkomst frå Sagstadvegen. Dette gjeld gnr./bnr 324/7, 324/135, 324/71, 324/56 og 324/57.

I den nyleg vedtekne reguleringsplan for Fv. 564 Frekhaugkrysset inkl. utbetring av Fv 244 Sagstadvegen (Planid 125620170003) blei denne tilkomstvegen til Sagstadvegen regulert stengt, med gjennomgåande gang- sykkelveg. (Dette var gjort for redusera antal avkøyringar direkte til fylkesvegen). Planen regulerte ikkje ny tilkomst til eigedomane.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922




*Kartutsnitt syner den avkøyring til Sagstadvegen som vert stengt i fylkesvegplanen.*

Vestland fylkeskommune (som var planeigar av fylkesvegplanen og er vegeigar av fylkesvegen) har sikra desse eigedomane tilkomst via gbnr 324/7, slik at tilkomsten kan skje frå Torvvegen i planforslaget for Langeland B5. Plankartet til Langeland B5 er difor revidert med at det er lagt inn avkøyrsel her (merka SV6), avkøyrselen er dimensjonert for lastebil.

Reguleringsføresegn er også revidert, og tatt inn at f_SV6 er felles for gnr./bnr 324/7, 324/135, 324/71, 324/56 og 324/57 utanfor planområdet.




*Kartutsnitt syner ny avkøyring i plankartet, til eigedomane via Torvvegen.*




Figur 1. Ny avkøyrsel SV6 til bustader utanfor planområdet i søraust. T.v. planforslag datert 10.02.2021 ved offentleg ettersyn. T.h. Revidert planforslag datert 08.07.2022.

**2. Ny avgrensing av veg o_SKV2 i nord og endra f_BRE3 til føresegnsområde #2**

For å få plass til m.a. snøopplag i enden av veg o_SKV2 (nordvest i planområdet) er det lagt inn anna vegareal i enden på veg o_SKV2, enden på veg o_SKV2 er trekt litt bort frå plangrensa.




Figur 2. Ny avgrensing av veg o_SKV2 i nord og endra f_BRE3 til føresegnsområde #2.T.v. planforslag datert 10.02.2021 ved offentleg ettersyn. T.h. Revidert planforslag datert 08.07.2022




Figur 3. Illustrasjonen viser sporing for Lastebil i krysset o_SKV2 / f_SV4.

### 3. Endring av antal renovasjonsområde og utviding av renovasjonsområde f_BRE2

Antal område for renovasjon er redusert frå tre til to områder (f_BRE1 – f_BRE2). Området f_BRE3 som tidlegare var regulert ved BBB2 er tatt ut, og erstatta med eit føresegnsområde #2, jf. fig. 2 over.

Reguleringsføresegn er oppdatert med ny føresegn til #2:

> *«Innanfor føresegnsområde #2 kan det etablerast renovasjonsområde.»*

Renovasjonsområde f_BRE2 er utvida for å ha meir fleksibilitet til framtidig detaljprosjektering av renovasjonspunktet, og tidlegare Grøntstruktur G4 utgår.




*Figur 4. Utviding av renovasjonsområde f_BRE2. T.v. planforslag datert 10.02.2021 ved offentleg ettersyn. T.h. Revidert planforslag datert 08.07.2022*

### 4. Justert byggegrense for BKB og utvida omsynssone bevaring naturmiljø, H560

Ved offentleg ettersyn av reguleringsplanen kom det motsegn til planforslaget frå Statsforvaltar i Vestland, motsegna gjekk på at planmaterialet ikkje hadde tilstrekkeleg sikring og vurdering mot avrenning til Mjåtveitelva og den trua elvemuslingbestanden. Planmaterialet er oppdatert med eigen rapport frå Rådgivande biologar som vurderer planområdet og utbygging opp mot avrenning og påverknad for elvemuslingen. Det er gjort fleire endringar i planmaterialet og VA rammeplanen som følgje av rapporten.

I plankartet er omsynssone for Bevaring naturmiljø - H560er utvida på austsida av bekken på landbruksområdet, og byggegrensa for BKB – området er flytta 5 meter vekk (frå formålsgrensa). Dette er gjort for å kunne etablere fangdammar i nedre del av bekken, slik det framgår av revidert situasjonsplan og VA-rammeplan. Byggegrensa for BKB-området er òg flytta frå formålsgrensa og 5 m lengre vekk, slik at den fell saman med nordvestre avgrensing av omsynssona.




*Figur 5. Justert byggegrense for BKB og utvida omsynssone bevaring naturmiljø H560.T.v. planforslag datert 10.02.2021 ved offentleg ettersyn. T.h. Revidert planforslag datert 08.07.2022*



*Figur 6. Omsynssone H560 er utvida slik at det kan etablerast dammar i nedre del av bekken.*

**5. Justert situasjonsplan ved BBB1 – avfallsplass og gjesteparkering for eksisterande bustader i nedre del av Torvvegen.**




*Figur 7. I revidert situasjonsplan er det lagt inn avfallsplass og gjesteparkering for eksisterande bustader i nedre del av Torvvegen. T.v. situasjonsplan datert 10.12.2020 ved offentleg ettersyn. T.h. Revidert situasjonsplan datert 01.07.2022.*

Det er gjort endringar i illustrasjonsplan og føresegna ifht. gjesteparkering og avfallsplass innanfor området som no blir regulert. Jf. føresegn 3.9.3:

> *«I BBB1 skal det opparbeidast gjesteparkeringsplassar for eksisterande bustader innanfor reguleringsplanen for Langeland, Planid 125620031126. Desse plassane skal plasserast sør i område BBB1, mot renovasjonsområde f_BRE1.»*

**6. Reviderte reguleringsføresegner**
Det er vidare gjort endringar i føresegnene om:
• Rekkjefølgjekrav for bygging av fortau o_SF9
• Bevaring av steingard (omsynssone H570)
• Miljøplan og miljøoppfølging for sikring mot ureining til Mjåtveitvassdraget

**Merknader til endringar i planforslaget må** vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan ein sende e-post til post@alver.kommune.no , eller sende brev til Alver kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til plan v/ Arealforvaltning.

**Merknadsfrist er sett til 25.8.2022.**

Med helsing
Alver kommune Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande | Merethe Tvedt |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Føresegner LANGELAND 08.07.2022
Plankart, 08.07.2022
A1-101 - Situasjonsplan

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| ALVER KOMMUNE | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
| ANE MELLINGEN | TORVVEGEN 28 | 5919 | FREKHAUG |
| BASTE NEPSTAD | TORVVEGEN 35 A | 5919 | FREKHAUG |
| BJARNE ROBBERSTAD | TORVVEGEN 37 | 5919 | FREKHAUG |
| BJARTE LANGELAND | SAGSTADVEGEN 96 | 5919 | FREKHAUG |
| BJØRG TITLESTAD HERVIK | TORVVEGEN 25 B | 5919 | FREKHAUG |
| Brann og redning | | | |
| BÅRD MAGNUS LUNDE DALE | TORVVEGEN 31 | 5919 | FREKHAUG |
| CHRISTER FLØYSAND | TORVVEGEN 23 A | 5919 | FREKHAUG |
| DAGFINN FONDEVIK | TORVVEGEN 21 B | 5919 | FREKHAUG |
| DENNIS JAN LEUSCHNER | PRESTABAKKEN | 5281 | VALESTRANDSFOSSE |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 20 | | N |
| ELIN R MJÅTVEDT LINDBERG | NYVEGEN 28 | 2312 | OTTESTAD |
| ERNST HENNING ISAKSEN | TORVVEGEN 23 B | 5919 | FREKHAUG |
| EVA VELAND | TORVVEGEN 35 A | 5919 | FREKHAUG |
| FRANCIS BILLY RATH | Grønland 14 | 5918 | FREKHAUG |
| FRANK RUNE DALE | SAGSTADVEGEN 67 | 5919 | FREKHAUG |
| GUDVEIG B STEINHOVDEN | SAGSTADVEGEN 65 | 5919 | FREKHAUG |
| HANS OLAV HAREIDE HANSEN | TORVVEGEN 25 A | 5919 | FREKHAUG |
| HEGE TORSVIK HVIDSTEN | TORVVEGEN 33 | 5919 | FREKHAUG |
| HELGE FRODE LANGELAND | HÅSTØLEN 28 | 5918 | FREKHAUG |
| HENNY SOLVEIG MELLINGEN | TORVVEGEN 35 A | 5919 | FREKHAUG |
| HILDE I MJÅTVE STEFFENSEN | JUVIKNIPA 8 | 5918 | FREKHAUG |
| HILDEGUNN DALLAND | TORVVEGEN 34 | 5919 | FREKHAUG |
| INGRID AMANDA DALE | SAGSTADVEGEN 69 | 5919 | FREKHAUG |
| INGRID BØE MYKING | BUSTØLVEGEN 7 | 5919 | FREKHAUG |
| INGVALD OLAV KALLESTAD | TORVVEGEN 35 C | 5919 | FREKHAUG |
| IVAR ASKELAND | TORVVEGEN 35A | 5919 | FREKHAUG |
| IVAR K MELLINGEN | TORVVEGEN 35 A | 5919 | FREKHAUG |
| IVAR ØVRETVEDT | BUSTØLVEGEN 34 | 5919 | FREKHAUG |
| JAKOB LANGELAND HERNAR | SAGSTADVEGEN 19 | 5919 | FREKHAUG |
| JAN ERIK SHORT | TORVVEGEN 35 A | 5919 | FREKHAUG |
| JAN MAGNE STEINHOVDEN | SAGSTADVEGEN 65 | 5919 | FREKHAUG |
| JANNECKE M LANGELAND | SAGSTADVEGEN 47 A | 5919 | FREKHAUG |
| JORUN MARGRETHE ESPETVEDT | BUSTØLVEGEN 62 | 5919 | FREKHAUG |
| Kart og oppmåling | | | |
| KJARTAN STORSÆT | TORVVEGEN 41 A | 5919 | FREKHAUG |
| KNUT ARILD LANGELAND | SAGSTADVEGEN 47 A | 5919 | FREKHAUG |
| KNUT-STIAN FJELDSTAD | TORVVEGEN 34 | 5919 | FREKHAUG |
| LISBETH HÅVIK | TORVVEGEN 21A | 5919 | FREKHAUG |
| LIV MONIKA S STORSÆT | TORVVEGEN 41 A | 5919 | FREKHAUG |
| MARIA SØRHEIM ASKELAND | TORVVEGEN 35 A | 5919 | FREKHAUG |
| MARIANNE ISAKSEN | TORVVEGEN 23B | 5919 | FREKHAUG |
| MARTIN ØREN | TORVVEGEN 36 | 5919 | FREKHAUG |
| MONA CARSTENSEN NEPSTAD | TORVVEGEN 35 A | 5919 | FREKHAUG |
| MONJA HELENE SOLTVEDT | SAGSTADVEGEN 71 | 5919 | FREKHAUG |
| NGIR | Kjevikdalen | 5956 | Vågseid |
| NILS VELAND | TORVVEGEN 35 A | 5919 | FREKHAUG |
| Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve) | Postboks 5091 Majorstua | 0301 | OSLO |
| ODD ARNE HVIDSTEN | TORVVEGEN 33 | 5919 | FREKHAUG |
| OLAV TORE FOSSE | BUSTØLVEGEN 40 | 5919 | FREKHAUG |
| PATRIK BOHLINGER | TORVVEGEN 21 A | 5919 | FREKHAUG |
| PER-OLAF WELLBROCK | TORVVEGEN 28 | 5919 | FREKHAUG |
| RAGNAR BRATLAND | Torvvegen 35A | 5919 | FREKHAUG |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| RAGNHILD C GARNES SHORT | TORVVEGEN 35 A | 5919 | FREKHAUG |
| RANDI MJÅTVEDT | SAGSTADVEGEN 39 | 5919 | FREKHAUG |
| ROGER SOLTVEIT | Løypetona 76 | 5918 | FREKHAUG |
| Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning | | | |
| SIGRID RUUD | TORVVEGEN 36 | 5919 | FREKHAUG |
| SISSEL JOHANNE VANGEN | TORVVEGEN 37 | 5919 | FREKHAUG |
| TONNY ANDRE LANGELAND | BUSTØLVEGEN 7 | 5919 | FREKHAUG |
| TORE ANDRE FOSSE | TORVVEGEN 27 A | 5919 | FREKHAUG |
| TORE MJÅTVEDT | SAGSTADVEGEN 39 | 5919 | FREKHAUG |
| TROND EGIL SOLTVEDT | SAGSTADVEGEN 71 | 5919 | FREKHAUG |
| TRUDE TJORE | TORVVEGEN 39 A | 5919 | FREKHAUG |
| VESTLAND FYLKESKOMMUNE | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| ØYVIND VAKSVIK | BOKS 83 | 5906 | FREKHAUG |